

Veske med fotostoff



Enkel veske med fotostoff på kvar side som blikkfang.

Fotopanela er ca 8 x 10 tommar, og det eine er sett inn i ei oval ramme. Det er sjølvsagt valgfritt om ein vil ha oval på begge sider, eller berre rektangel. Tilpass i så fall stoffmegde og klipping etter korleis du vil ha det.



Materiell:

2stk stofftrykkpanel ca 8" x 10"

Ytterstoff ca 3/4 m/yd, i modellen er det brukt råsilke, men lin eller bomull passar også bra

Ein smal strimmel med dobbeltklebende vliseline (vlisofix)

Fôr ca 1/2 m/yd

Bordfilt el habalonvatt: 2 stk ca 17" x 18" pluss 2 stk 1,5"x24" til hank


Evt. bomullslerret til bakstykke for quilting, same str som vatt

Sytråd i passende farge + evt. effektråd til quilting

Dette mønsteret, - all tekst, sjablong og bilder, - er kun til privat bruk og skal ikkje kopierast og/eller distribuerast i noko form utan løyve frå eigar.

Alle kan fritt hente sitt eige eksemplar på:

<http://kameleonquilt.com>




Layout klipping

Det er inkludert 1/2" saumrom i måla, dette er beregna til litt grovt stoff.

Tynnare og finare stoff kan ha mindre saumrom. Reduser alle mål med 1/2" for å få 1/4" saumrom.

Mønsterdelane syast saman slik:



Start med å sy den ovale ramma. Brett dobbelt og stryk brett i stoffet, først den eine vegen, så den andre, for å markere midten i begge retningar. Klipp ut ovalen på siste mønstersida, sentrer på rettsida av stoffet sett fast med knappenåler. Sy ein saum rundt ovalen, heilt inntil kanten på papiret. Fjern papirmønsteret.

Skjer ca 1/4" strimmel med dobbeltklebde vliseliner, stryk den fast heilt inntil saumen på innsida av ovalen. Fjern evt. papirbaksida frå vliselinen. Klipp ut ovalen innanfor der det er limt vliseline. Klipp hakk i saumromet med jamne mellomrom heile vegen rundt ovalen, klipp nesten ut til saumen. Snu på vranga, brett saumromet utover og stryk fast.





Legg ramma med rettsida opp på stofftrykket, "søk" litt for å finne det beste utsnittet. Fest med nåler, og sy ramma fast på trykket med ein enkel eller dobbel stikning. Den delen av stofftrykket som ikkje viser i ramma, kan du velge om du vil klippe vekk, eller la bli verande for å få større stabilitet.

Sy saman delane til dei to veskesidene som vist på side 2, først sidestykka, deretter topp og botn.

Legg veskesider, vatt og evt bakstykke lagvis og quilt delane. Veska blir fora, så bakstykke er ikkje nødvendig av den grunn, men quiltinga går lettare når ikkje vatten heng seg fast i undertransportøren på symaskina, så eit bakstykke kan gjere denne prosessen noko enklare.

Forslag til quilting:

Parallele linjer på sidestykke topp og botn, ca 1/2"-3/4" avstand mellom linjene, deretter bølgemønster på tvers med sølvtråd.




Dette mønsteret, - all tekst, sjablong og bilder, - er kun til privat bruk og skal ikkje kopierast og/eller distribuerast i noko form utan løyve frå eigar.

Alle kan fritt hente sitt eige eksemplar på:

<http://kameleonquilt.com>



Kutt to vattstrimlar til hankane, brett stoffet rundt og sy ein stikning for å feste, deretter fleire saumar på langs for å gjere dei fastare.



Klipp 2 delar til foret, sy på belegg/kant øvst. Klipp evt. lomme, ein del i veskestoff og ein del i forstoff, vrangsy, og sy fast på rettsida av foret. Sy evt. stikningar på toppen for å dele inn i mindre rom for mobiltelefon, blyant, etc.

Reinskjer veskedelar og for slik at dei er like store.

Sy saman veskedelane rette mot rette i sider og botn.



Sy saman fordelane rette mot rette i sider og botn, men la det vere ei ca 6" lang åpning i botnen.

For å få flat botn må du sy på tvers av hjørna. Brett veskehjørna nede slik at sidesaum og saumen i botnen ligg oppå kvarandre. Mål ca 2" inn frå spissen av hjørnet, då vil du få ca 4" brei flat botn. Teikn opp sylinja, og sy tvers over hjørnet. Gjer det same på det andre hjørnet, og på hjørna i foret.

Brett hjørna ned mot botnen og fest dei i saumromet i botnen med eit par-tre sting. Dei kan også evt. klippast vekk. Sy då sikksakk over sårkanten. Snu veska så rettsida kjem ut.


Legg hankane på rettsida av veska, la endane stikke 1-2 tommar opp forbi kanten. Fest lausleg med ein stikning nær kanten på veska.

Snu fôret med vrangside ut og tre det utanpå veska slik at fôr og veske er rette mot rette. La hankane ligge mellom fôret og veska. Legg kant i kant oppe, fest med nåler og sy ein saum rundt heile kanten.

Vreng veska ut gjennom åpningen i botnen på fôret og putt foret inn i veska. Sy ein stikning på rettsida rundt kanten oppe. Sy også ekstra saumar på kryss og tvers for å feste hankane ekstra godt.



Oval, full str



*Dette mønsteret, - all tekst, sjablong og bilder, - er kun til privat bruk og skal ikkje kopierast og/eller distribuerast i noko form utan løyve frå eigar.
Alle kan fritt hente sitt eige eksemplar på:
<http://kameleonquilt.com>*

Stofftrykk med kystmotiv finn du på <http://kameleonquilt.com>